

Gode kommunekontaktar!

Det er tid for årsrapport igjen, og **DKS-portalen vil vere tilgjengeleg for rapportering frå og med 15.01.2023**. Jamfør tildelingsbrevet er fristen for rapporteringa 1. februar. I rettleiinga står det frist 15. februar, denne fristen gjeld fylkeskommunen. Tida mellom 1. og 15. februar vil vi i fylkeskommunen bruke til å få alle kommunane gjennom rapporteringa. **Dykkar frist er dermed 1. februar.**

Årsrapporten består i hovudtrekk av fire delar:

1. Referanseinformasjon
2. Aktivitetar
3. Hovudskjema med fritekstsvar på føringar og andre spørsmål
4. Det same hovudskjemaet med økonomi

Kommunen skal **berre** rapportere aktivitet i kommunal regi. Vestland fylkeskommune rapporterer for aktivitet i kommunane som er i regi fylkeskommunen.

Vestland fylkeskommune har ansvar for å følgje opp rapporteringa i kommunane. Alle rapportane vert vurderte i samsvar med mål, føringar og prinsippa for DKS.

Lenkje til rapportering: <https://www.denkulturelleskolesekken.no/vestland/> (innlogging via ID-porten)

Korleis går de fram?

Kulturtanken har laga ei nettside med informasjon og rettleiing til rapporteringa. Denne er laga for både fylkeskommunar og kommunar: <https://www.denkulturelleskolesekken.no/dks-portalen/arsrapport/> (rettleiaren vil også vere tilgjengeleg frå utfyllingssida i DKS-portalen)

For DKS-einingar (kommunar) som ikkje har lagt inn kommunale tilbod i DKS-portalen i 2022

Referansedata samt aktivitetar må fyllast ut i tillegg til hovudskjema med fritekstsvar og økonomi. Det er laga ein forenkla funksjon til å leggje inn aktivitetar. Gå inn på mappekort "aktivitet", trykk "Legg til aktivitet" og fullfør registrering. Aktiviteten vil då legge seg i årsrapporten på riktig måte. Når de på sikt tek DKS-portalen fullstendig i bruk vil aktivitetar kome automatisk inn i rapporteringa dykkar.

For DKS-einingar (kommunar) som har nytta DKS-portalen til planlegging av kommunale tilbod i 2022

Førte aktivitetar og referanseinformasjon blir henta direkte frå DKS-portalen. Dersom de ikkje har lagt inn alle aktivitetane må de leggje desse inn manuelt. Hovudskjema med fritekstsvar og økonomi må fyllast ut.

Kontaktinformasjon fylkeskommunen

Har de spørsmål til økonomien eller aktivitetane, eller andre spørsmål knytt til rapporteringa, tar de kontakt med: Kari Vik, kari.vik@vlfk.no, 489 95 264.

Har de spørsmål om korleis de legg aktivitetar inn i DKS-portalen, eller andre spørsmål knytt til den tekniske løysinga, tar de kontakt med: Øyvind Sunde Høstaker, oyvind.sunde.hostaker@vlfk.no, 952 22 168.

Vi vil hjelpe dykk så godt vi kan.

E-posten er sendt til dei som ligg inne som DKS-planleggjar i DKS-portalen.

Lykke til!

Med helsing

Kari Vik
seniorrådgjevar

seksjon for kulturformidling
avdeling for kultur, idrett og inkludering



tlf: 48 99 52 64
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.